



Svanhill Haugland leiar improvisert jentekor i Hobbyklubben. Foto: Ola Matti Mathisen

I samband med 100-årsjubileet i kyrkja i 2014 ynskjer soknerådet å få igong eit prosjekt-kyrkjekor med start i februar, opplysar leiar Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no Koret skal vare dette året. Svanhill Haugland har skrive denne informasjonen om prosjektet:

Kyrkjejubileum og jubileumskor

I samband med jubileumsåret for kyrkja,vert det sett i gong fleire arrangement. Soknerådet og jubileumsnemnda har sett opp mange datoar der det skal skje noko i kyrkja. Tanken er at kyrkja gjennom heile året skal brukast til glede for bygda og dei som bur her. Ein fin tanke, for det er mange som er glade i kyrkjerommet. Vi er glade for å sitja i benkane og ta del i det som skjer. Mange har minner, både om sorger og gleder gjennom livet. Orgelet og musikken, tekstane og bileta, ja heile kyrkjerommet er unikt i denne samanhengen. Kyrkja er noko vi har felles med mange andre.

Salmane og songen er nært knytt til kyrkja. Mange av oss har favorittsalmar som det gjer godt å syngja, og som vi er glade i. Orda og tonane glir saman, og dei er ekstra gode å syngja i den gode kyrkjeakustikken. Utifrå dette er det kome opp ein tanke om at det gjerne er fleire som kunne tenkja seg å syngja litt meir av salmeskatten vår gjennom dette jubileumsåret.

Ny salmebok er på trappene, og det kunne vore kjekt å sunge seg litt gjennom både nye og gamle songar. Vi har eit imponerande kor i Uskedalen, Røysterrett for alle. Vonleg vil dei bidra med innslag på konsertar, til glede for oss andre. Tanken om å vere med dei har gjere streifa mange, men det er gjerne slik, at tida ikkje strekk til for alt vi gjerne ville vore med på. Dessutan er dei jo veldig flinke, og kanskje for flinke for mange. Men dersom det er nokon som har lyst til å bidra med stemma si på eit litt anna nivå enn ein gjer i eit slikt stort kor, så kunne kanskje eit jubileumskor vore høveleg. Tanken er at vi kanskje kan få øvd inn nokre salmar og songar til jubileumskonserten i april. Kyrkja stiller med organisten vår, Eva Megyesi. Ho vil spele og dirigere, såfår vi hengje på så godt som vi kan.

Om det blir fleirstemte songar, eller noko litt enklare, er det vel dei som møter opp som avgjer. Planen er å ha øving annakvar måndag. Då vert det ikkje så travelt for dei som ynskjer å vera med. Det er heller ikkje tenkt at vi må ha eit styre og ein eigen økonomi. Det viktigaste er å møtast, synga, og ha det kjekt ilag. Så kan vi gå heimatt litt gladare enn då vi kom. Om dette høyrerst kjekt ut, og noko du kunne tenkja deg å vera med på, ynskjer vi ein liten tilbakemelding til underteikna, eller til Møyfrid Kristoffersen i soknerådet. (tlf. 90606517)

Svanhill Haugland

